

Velkomen til leir!

5.- 10. august 2019 reiser rundt 150-200 konfirmantar, frå seks forskjellige kommunar i Øvre Telemark prosti, til Gjennestad i Stokke for å vere saman ei veke på konfirmasjonsleiren Ønsket og Elsket L2. I tillegg er det med rundt 50 leiarar i alderen 16 år og oppover, samt nokre foreldre. Konfirmantane som er med kjem frå: Ulefoss, Lunde, Sauherad, Bø, Rjukan, Tinn, Fyresdal og Nissedal.



Leirstaden: Gjennestad vidaregåande skule

Gjennestad ligg i Stokke i Vestfold, og er til vanleg ein vidaregåande skule med internat, og ein flott leirstad om sommaren! Fine uteområde med parker, volleyballbane, fotballbane og gode fasilitetar innandørs gjer at alt ligg til rette for ei flott veke saman. Konfirmantane bur 2-4 saman på rom, vi et saman i matsalen, har gruppesamlingar på grupperom, aktivitetar ute, og mange ulike samlingar i den store møtesalen.

Hovudleiarar til dei ulike konfirmantgruppene/kyrkjelydane

Konfirmantane frå kvar stad/kyrkjelyd har ein hovudleiar/konfirmantansvarleg som har ansvar for kontakt med konfirmantane og foreldre både før og under leiren. Det er den einskilde kyrkjelyd som sørgjer for transport til og frå Gjennestad, og dette vil du få informasjon om frå hovudleiararen din. Dersom det er andre ting du lurar på fram mot leiren kontaktar du hovudleiararen for din kyrkjelyd.

Romfordeling og gruppefordeling


Når de kjem til Gjennestad måndag 5. august vil de få tildelt rom på eit av internata. Du vil dele rom med andre av same kjønn frå din eigen konfirmantgruppe/kyrkjelyd (hovudleiararen din fordeler dette før leiren, etter ønske frå dykk konfirmantar). Det er vask på romma, elles er det både toalett og dusjar på alle internatgangane.

Gjennom uka vil du være tilknytt ei gruppe på ca. 7-10 konfirmantar pluss 2-3 leiarar. Desse gruppene består av konfirmantane du bur på rom med og konfirmantar frå andre stader. Alle vil altså komme på gruppe med nokon dei kjenner. Gruppene har fleire samlingar av ulike slag kvar dag.

Ein leirdag

Leirdagane er i hovudsak bygd opp slik:

- 08.00: Vekking
- 09.00: Frukost
- 09.45: Gruppesamling
- 10.30: Fellessamling/undervisning
- 12.00: Aktivitetar/turnering
- 14.00: Lunsj
- 15.00: Diverse aktivitetar
- 16.30: Fellessamling/undervisning
- 17.30: Gruppesamling
- 18.30: Middag
- 20.30: Diverse program
- 22.00: Enkel kveldsmat
- 22.30: Skumringsstund
- 23.30: Ro



Kvar føremiddag består av ei gruppesamling, ein felles undervisningssamling der alle er samla, og ein bolck med aktivitetar. Etter lunsj er det en ny bolck med diverse aktivitetar, ein felles undervisningssamling og ei ny gruppesamling, før vi et middag. Kvar kveld er det ulikt program før vi avsluttar dagen med skumringsstund som er ein stemningsfull og roleg avslutning på dagen.

Som dykk ser er det mykje som skjer i løpet av ein dag, og vi har eit relativt tett program, men det er også lagt inn fritid i løpet av dagen mellom ulike programposter. Avhengig av vær og antal arrangerer vi ein av dagane anten ein stor vasskrig på Gjennestad eller ein utflukt på badetur for dei som har lyst. På Gjennestad har vi ein eigen Ønsket og Elsket-kiosk med sal av forskjellige kioskvarer og kler frå Ønsket og Elsket. I tillegg er det eit hagesenter på området, der det er moglegheit for å få kjøpt kiosk- og bakevarer. Det er ingen annan daglegvareforretning i nærleika.

Dette må du hugse å ta med deg på leir:

- Bibel
- Sengetøy og laken (du får låne dyne og pute)
- Kler til både solskin og regnvêr (hugs spesielt treningstøy og joggesko til uteaktivitetar og litt varmt tøy til kveldane)
- Badetøy viss du vil vere med på bading/vasskrig
- Handkler
- Toalettsaker, solkrem og drikkeflaske med namn
- Mobilladar
- Lompepengar/kort til kiosken (vi har ikkje satt noe "tak" på lompepengar, men vi anbefaler ikkje å ta med mykje kontantar).

Dette vil vi IKKJE at du tar med deg på leir:

- PC/Mac
- Stereo/høgtalarar
- Andre dyre verdisaker. Alle egedelar medbringes på egie ansvar, vi tar ikkje ansvar for å erstatte tapte/øydela egedelar!
- Rusmidlar. Det er nulltoleranse for rusmidlar på leiren, og oppbevaring eller bruk av dette vil medføre heimsending på eiga rekning.

Vi er veldig GIRA på å dra på konfirmasjonsleir saman med DEG og gleder oss siikt masse til ei veke med #tøppstemning og masse liv i sommar!

Helsing Ønsket og Elsket Crewet



KONFIRMASJONSLEIR L2 2019



5.-10. AUGUST 2019
PÅ GJENNESTAD VGS. I STOKKE